

Forslag til forskrift om endringar til forskrift om gebyr til Post- og teletilsynet

Fastsett av Samferdselsdepartementet xx.xx.xxxx med heimel i lov 4. juli 2003 nr. 83 om elektronisk kommunikasjon (ekomloven) § 11-6, § 12-1 og § 12-2, jf. funksjonsfordelingsvedtak 4. juli 2003 nr. 881, lov 29. november 1996 nr. 73 om formidling av landsdekkende postsendinger (postloven) § 20, jf. delegeringsvedtak 25. juni 1999 nr. 707 og lov 15. juni 2001 nr. 81 om elektronisk signatur §§ 16a og 24, jf. delegeringsvedtak 15. juni 2001 nr. 615 og forskrift 15. juni 2001 nr. 611 om krav til utsteder av kvalifiserte sertifikater mv. § 12. Jf. EØS-avtalen vedlegg XI nr. 5ck (direktiv 2002/20/EF).

§ 1 andre ledd nr 1 skal lyde

Av det samla beløpet skal:

1) 45,5 % krevjast frå tilbydar av elektronisk kommunikasjonsnett, elektronisk kommunikasjonsteneste og tilhøyrande fasilitetar, innehavar av løyve til bruk av nummer, namn og adresseressursar, og sertifikatutstedar etter lov 15. juni 2001 nr. 81 om elektronisk signatur § § 16a og 18.

§ 5 skal lyde

§ 5 Gebyr for sertifikatutstedar og registrering for domenenamn

Post- og teletilsynet kan ved enkeltvedtak fastsetje årleg gebyr for sertifikatutstedar som er registreringspliktig i samsvar med lov 15.juni 2001 nr. 81 om elektronisk signatur § 18, jf. §§ 3 og 24, eller som kjem inn under frivillige sertifiseringsordningar, godkjenningssordningar eller sjølvdeklarasjonsordningar, jf. § 16a.

Post- og teletilsynet kan ved enkeltvedtak fastsetje årleg gebyr for verksemd som deler ut domenenamn under norske landkodedetoppdomene i samsvar med lov av 4. juli 2003 nr. 83 om elektronisk kommunikasjon (ekomloven) §7-1, jf. § 12-1 og forskrift av 1. august 2003 nr. 990 (domeneforskiften).

§ 6 andre ledd skal lyde

Beløpet etter første ledd skal fordelast forholdsmessig mellom tilbydarar med relevant omsetning over 30 millionar norske kroner i siste rekneskapsåret før gebyrperioden. Kvar tilbydar skal betale ein brøkdel av dette beløpet som svarar til tilbydaren sin brøkdel av den samla relevante omsetninga til dei som skal betale gebyr etter dette leddet. Relevant omsetning er omsetning i marknaden for elektronisk kommunikasjonsnett- og teneste, mellom anna omsetning for eksternt sal i konsern eller selskap i marknader for telefoni, leide samband, breiband og kringkasting (unntatt satellittkringkasting), med meir, på eit overordna nivå og geografisk avgrensa til Noreg.

§ 8 første og andre ledd skal lyde

Samla gebyr som skal fordelast mellom innehavarane av frekvensløyve etter §§ 8 til 13 er beløpet etter § 1 andre ledd nummer 2, fråtrekt gebyr etter § 7 og § 14.

Beløpet etter første ledd skal fordelast på følgjande måte:

- 1) 44 % mellom dei med frekvensløyve for Profesjonell Mobil Radio
- 2) 12 % mellom dei med sendarløyve i frekvensband planlagt for kringkastingstenester
- 3) 11 % mellom dei med andre sendarløyve enn dei som fell inn under nummer 1) og 2)
- 4) 23 % mellom dei med spektrumsløyve i frekvensband planlagt for kringkasting eller mobile tenester
- 5) 10 % mellom dei med andre spektrumsløyve enn dei som fell inn under nummer 1) og 4)